



Møteprotokoll

Utval:	Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid
Møtestad:	Rådhuset, kommunestyresalen 2.etg
Dato:	04.11.2024
Tid:	Kl. 18:00

Følgjande medlem møtte

Parti

Bjørn Myklebust

Cecilie Bjørlo

Gro Janne Henden Gjerdevik

Ove Kjøllesdal

Roger Bergset

Synnøve Aabrekk

Siri Sandvik

AP

Paul Jacob Helgesen

SP

Ståle Sandal

SP

Forfall

Parti

Varamedlem

Parti

Knut Tore Nes Hjelle

Ole-Mathias Nes

Ove Bjørlo

Reidun Sunde

Gunvald Ludvigsen

V

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
24/006	Godkjenning av innkalling og saksliste
24/007	Godkjenning av møteprotokoll
24/008	Referatsaker
24/009	Orienteringssaker Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid - 04.11.2024
24/010	Arbeidsmøte nummer 6 - Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid - Presentasjon av høyringsutkast
24/011	Tilråding - Arbeidsmøte nummer 6 - Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid

24/006: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid 04.11.2024:

Handsaming:

NUBN- 24/006 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

24/007: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid 04.11.2024:

Handsaming:

NUBN- 24/007 Vedtak:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

24/008: Referatsaker

Kommunedirektøren si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid 04.11.2024:

Handsaming:

NUBN- 24/008 Vedtak:

Ingen referatsaker.

24/009: Orienteringssaker Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid - 04.11.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringa vert teken til vitande.

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid 04.11.2024:

Handsaming:

NUBN- 24/009 Vedtak:

Ingen orientering.

**24/010: Arbeidsmøte nummer 6 - Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid -
Presentasjon av høyringsutkast**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtet blir gjennomført som eit arbeidsmøte, og det blir ikkje lagt fram tilråding i saka.

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid 04.11.2024:

Handsaming:

Viser til sak 24/011 "Tilråding - Arbeidsmøte nummer 6 - Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid" for vedtak og oppsummering av arbeidsmøtet.

NUBN- 24/010 Vedtak:

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak: Møtet blir gjennomført som eit arbeidsmøte, og det blir ikkje lagt fram tilråding i saka.

24/011: Tilråding - Arbeidsmøte nummer 6 - Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Oppgåveutvalet stiller seg bak kommunedirektøren sitt forslag til høyringsutkast for «Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045» slik den ligg føre.
2. Oppgåveutvalet ser ikkje behov for å gjennomføre fleire møte, og ber om å få avslutte sitt arbeid som formelt oppnemnt utval.
3. Medlemane i oppgåveutvalet ynskjer å vere tett kopla til vidare planarbeid for Nordfjordeid sentrum, til dømes som referansegruppe.

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid 04.11.2024:

Handsaming:

Oppsummering av utvalet sine innspel til presiseringar i strategidokument:

- Utvalet saknar ei meir offensiv og næringsretta tilnærming i den innleiande delen av strategidokumentet. Næringsutvikling må takast med i punktlista i første del av introduksjonen, som gjeld utfordringar i samfunnet og samfunnsomstilling.
- Utvalet meiner strategien ikkje bør stimulere til meir aktivitet og fleire turistar langs Eidselva, sidan lakseelva er svært sårbar. Det kan vere fare for smitte og påverknad på laksen.
- Utvalet peikar på at reiselivsnæringa er i sterk vekst på nasjonalt og lokalt nivå. Det bør sjåast på om strategidokumentet dekkjer behova på Nordfjordeid godt nok, særleg på Sørøyane og ved Sagastad.
- Utvalet meiner at det bør tydeleggjerast i strategien at næringsareal som vert definert som C-lokalitet (jf. ABC-prinsippet) ikkje treng å liggje på Nordfjordeid, og at A- og B-lokalitetar bør prioriterast.
- Utvalet meiner det er viktig å gjere ord om til handling og ikkje berre utarbeide eit skrivebordsdokument. Det er viktig å sjå heilskapen og bruke dokumentet aktivt også ved enkeltsaker og investeringsprosjekt.

NUBN- 24/011 Vedtak:

1. Oppgåveutvalet stiller seg bak kommunedirektøren sitt forslag til høyringsutkast for «Strategisk utvikling av Nordfjordeid mot 2045» med dei innspela som har kome fram i møtet.
2. Oppgåveutvalet ser ikkje behov for å gjennomføre fleire møte, og ber om å få avslutte sitt arbeid som formelt oppnemnt utval.
3. Medlemane i oppgåveutvalet ynskjer å vere tett kopla til vidare planarbeid for Nordfjordeid sentrum, til dømes som referansegruppe.